

Berinvest AS  
Hosteland, 21.05.16  
v/ styret

Eivindvik, 05.06.19

Masfjorden kommune  
v/ rådmann Svein-Helge Hofslundsengen

Gulen kommune  
v/ rådmann Reidun Halland

#### Søknad om tilskot til etablering av Berinvest AS.

Berinvest AS er planlagt etablert av Gulen og Masfjorden kommunar med formål om å få i gong eit øvingssenter, der eige personell kan få gjennomført grunnskulering og vidare opplæring innan brann- og redning. Sidan januar 2017 har kommunane jobba med å lukke avvik for manglande kompetanse i brann- og redningstenesta. Leiar i Gulen Masfjorden Brann og redning, Sigvald Kvinge, har utarbeida ein plan for å lukke desse avvika, sjå vedlegg.

Øvingssenteret er planlagt etablert på leiga areal hjå Sløvåg Utvikling sitt område i Sløvåg i Gulen kommune. Ved ledig kapasitet, vil øvingssenteret kunne selje kurs til andre kommunar, organisasjonar og bedrifter. Primært søker vi om ein eingongsstøtte til etablering og oppstartskostnadar på **kr. 750.000,- pr. kommune** for å etablering senteret. I tillegg bør intensjonen vere å kjøpe kurs samla sett i 2019 for kr. 200.000 og i 2020 for kr. 400.000,- og 2021 for kr. 240.000. Ynskjer kommunane å forskotere kurset i haust, så vert totaltsum for 2019,- **kr. 850.000,- pr. kommune**. Ei etablering av øvingssenteret Berinvest AS, vil sikre at avvika vert lukka for beredskapskompetansen i kommunane Gulen og Masfjorden. Viser til vedlagt kompetanseplan og investeringsplan for Berinvest AS.

Med vennleg helsing

Odd Harald Eide  
Styreleiar

Torill Torsvik Størkersen  
Styremedlem



Masfjordnes 20.05.19

# Plan for gjennomføring av utdanning for brannkonstablar og utrykningsledere GMBR

---

## Bakgrunn

Brann- og redningsvesenet er kommunane sine viktigaste operative redningsressurs, og deltidspersonell utgjør kommunane sin grunnberedskap for handtering av innsats knytt til brann, redning og andre ulykker. Dette krev god teoretisk kunnskap og praktiske dugleik, både med tanke på eigen tryggleik under innsats, og i løysninga av dei ulike innsatsoppdraga. Brann- og redningsfaglege vurderingar knytt til arbeid og taktikk på innsatsstaden, og mannskapa sin tryggleik under innsats, og løysninga av dei ulike innsatsoppdraga, krev god teoretisk kunnskap og praktisk dugleik tilpass gjennom eigen utdanning.

I større og større grad må brannmannskapa også handtere ulykker der politiet ikkje er til stades<sup>1</sup>. Tal frå DSB viser at brannvesenet var fyrst i 54,8 prosent av hendingane i 2018, mot 49,6 prosent i 2016. Trenden at det oftare og oftare er brannvesenet som er fyrst på skadestaden.

Det er derfor viktig at deltidsbrannpersonell får den opplæringa som er krevd som nødvendig for at dei skal kunne ivareta oppgåvene sine på ein best mogleg måte.

## Krav til deltidspersonell

For å auke kompetansen og tryggleiken til deltidsbrannpersonell vart det frå 1. januar 2007 fastsatt eit nytt krav om grunnkurs for slikt personell i Dimensjoneringsforskrifta. Det nye kravet vart gitt ein overgangsordning fram til 31. desember 2012. Overgangsordninga har sidan 2012 blitt forlenga tre gonger – først med eitt år til 31. desember 2013, deretter med to år til 31. desember 2015 og no sist med eitt år til 31. desember 2016. Justis- og beredskapsdepartementet har bestemt å ikkje forlenge overgangsordninga. Dette inneber at krava i Dimensjoneringsforskrifta §§ 7-3 og 7-7 når det gjeld høvesvis konstabel og utrykningsleiar i deltidsstilling, trådte i kraft 1. januar 2017.

Utrykningsleiarar i deltid skal ha gjennomført grunnkurs og beredskapsutdanning trinn 1, i høve utdanningsplan frå Norges brannskole.

---

<sup>1</sup> <https://www.aftenposten.no/norge/i/rL6od3/Brannvesenet-er-oftere-enn-politiet-forst-pa-stedet-etter-hendelser>

## Mål med BERIVEST AS

Målet med øvings- og beredskapsenteret er fyrst og fremst å sørge for at kommunane tilfredsstiller lov- og forskriftsbaserte krav, slik at kommunane er i stand til å handtera alvorlige ulykker.

Meir konkret kan dette formulerast i følgande målkrav:

1. Lukke avvik knytt til kompetansekrav for deltidsmannskaper i GMBR
2. Lukke avvik knytt til kompetansekrav for deltidsmannskaper i andre brannvesen
3. Bidra til betre samvirke gjennom å tilby kurs, øving og trening innanfor brann, redning, sikkerhet og beredskap

Det er òg ein ambisjon om å bidra til å styrke kommunane sin beredskap gjennom å etablere BERIVEST AS som ein kunnskapsarena og møteplass for menneske med ansvar og/eller interesse for beredskapsarbeid.

## Praktisk gjennomføring

Utdanning av brannkonstabel i deltids skal gjennomførast ved at den einskilde tilsette får ei intern opplæring på eigen stasjon. Denne opplæringa skal dokumenterast i opplæringsheftet som kvar einskild tilsett har. Deretter/parallelt skal eleven gjennomføre eit nettbasert kurs som gjev ein heilt grunnleggande kjennskap til faget. Når dette er på plass skal det gjennomførast eit grunnkurs deltid som er sett saman av praktiske øvingar i eige brannvesen (på eigen stasjon), samt ein avsluttande praksisperiode som i fagkretsar kallas ei praksisveke. Dette namnet har praksisperioden fått på grunnlag av at ein i dei fleste høve har gjennomført denne praksisen samanhengande gjennom ei veke.

For mange deltidsmannskap, deriblant vårt mannskap, er det ei utfordring å vere borte frå arbeid og familie ei heil veke i strekk. Difor vil me legge opp til å gjennomføre praksisperioden fordelt på to helger lokalt. Om ein startar med ei økt fredag ettermiddag/kveld meiner me at det er fagleg forsvarleg å gjennomføra praksisperioden på to helger. Dette vil gjera utdanninga mogleg å gjennomføre for den einskilde brannkonstabelen i forhold til anna arbeid og livet generelt. Om det viser seg at nokre av kursa er best å gjennomføra på dagtid i vekene, gjer me sjølvst det.

## Plan

Denne oppstillinga viser obligatoriske praktiske øvingar undervegs i utdanninga og den avsluttande praksisveka.

Praktiske øvingar i eige brannvesen (på eigen stasjon) har ei tidsramme på 45 timar og den avsluttande praksisveka eit timetal på 40 timar. Praksisveka er tenkt gjennomført på anlegget i Sløvåg.

Dei praktiske øvingane (45 timar) vil i stor grad verte gjennomført lokalt på stasjonane og soleis vert kostnadane med desse tillagt GMBR. Kostnadane med dette vil primært vere timebetaling av mannskapa og vil utgjere ein kostnad på om lag kr 188 330,40. Desse kostnadane er ikkje teken med i kostnadsoppstillinga knytt til øvingssenteret i Sløvåg (Berinvest AS), men vil sjølvstøtt vera ein kostnad som vert belasta kommunane (må inngå i driftsbudsjett GMBR).

Utdanninga av mannskapa i GMBR er tenkt gjennomført i 3 deler. Desse er fordelt slik:

- **Utdanning del 1:** Praksisperiode for dei som har gjennomført teoretisk del gjennom nasjonal pilot (men som manglar praksisperiode).
- **Utdanning del 2:** Grunnkurs for alt mannskap (utanom dei under pkt 1).
- **Utdanning del 3:** Beredskapsutdanning trinn 1 - (krav for utrykkingsleiarar deltid).

Tabell 1.1: Plan for utdanning av brannkonstabler 2019 - 2021

Tal mannskap	Tal gjennomført	Tal mangler	Kurs 2019	Kurs 2020	Kurs 2021
58	14	44	12 *	32	14

Tabell 1.1 viser tal mannskap i brannvesenet, kor mange som har utdanning i henhold til krav og plan for utdanning av resterande.

\* - Har ferdigstilt teoretisk del men manglar praksis.

## Utdanning del 1:

---

### Kostnader knytt til GRK – 2019 (praksisperiode 12 mannskap)

Tabell1.2: Variable kostnader

Variable kostnader	Timesats	Tal timar/km	Sum
<b>Instruktør</b> Innleigd ekstern instruktør	850	40	34 000,00
<b>Timeløn</b> <b>øvingsleiarassistenter</b> 2 hjelpeinstruktørar frå GMBR	348,76	80	27 900,80
<b>Reiseutgifter</b> <b>øvingsleiarassistenter</b> 2 hjelpeinstruktørar frå GMBR	4.03	1 080	4 352,40
<b>Reiseutgifter instruktør</b> T/r Bergen lufthavn + flybilet Oslo (180 km + 2000 kr for fly) x 2 helger	Km.godtgj.4.03 Flybilet (t/r)	180	1 450,80 4 000,00
<b>Mat/bevertning</b> Kaffe/brus kr 1500, lunsj 12000. (2 helger)			13 500,00
Gass			3 000,00

Sum variable kostnader			88 204,00
------------------------	--	--	-----------

Tabell 1.3: Faste kostnader

Faste kostnader	Timesats	Tal timar/km	Sum
Straum, komm.avg., anna			15 000,00
Arealleige			216 000,00

Tabell 1.4: Samla kostnader praksis 2019 (12 mannskap):

Variable kostnader			88 204,00
Faste kostnader			231 000,00
Sum del 1			319 204,00

## Utdanning del 2:

---

Oppstillinga under viser kostnader knytt til utdanning av dei 32 resterande mannskapa i GMBR. Dette er tenkt gjennomført ved 2 kurs i 2020.

### Kostnader knytt til GRK – 2020 (treng 2 kurs / max 20 elevar pr kurs)

Tabell 1.5: Variable kostnader (pr kurs)

Variable kostnader	Timesats	Tal timar/km	Sum
<b>Instruktør</b>			
Innleigd ekstern instruktør	850	40	34 000,00
<b>Timeløn</b>			

<b>øvingsleiarassistenter</b> 2 hjelpeinstruktører frå GMBR	348,76	80	27 900,80
<b>Reiseutgifter øvingsleiarassistenter</b> 2 hjelpeinstruktører frå GMBR	4.03	1 080	4 352,40
<b>Reiseutgifter instruktør</b> T/r Bergen lufthavn + flybillett Oslo (180 km + 2000 kr for fly) x 2 helger	Km.godtgj.4.53 Flybillett (t/r)	180	1 630,80 4 000,00
<b>Mat/bevertning</b> Kaffe/brus kr 1500, lunsj (x 4) kr 12000.			13 500,00
Gass			3 000,00
Sum variable kostnader			88 384,00

Tabell 1.6: Faste kostnader (årleg)

Faste kostnader	Timesats	Tal timar/km	Sum
Straum, komm.avg., anna			60 000,00
Arealleige			216 000,00

Tabell 1.7: Samla kostnader (2 kurs)

Variable kostnader			176 768,00
Faste kostnader			276 000,00
Sum del 2			452 768,00



## Utdanning del 3:

---

### Beredskapsutdanning trinn 1

Tal mannskap	Tal gjennomført	Tal mangler	Kurs 2019	Kurs 2020	Kurs 2021
58	0	14	0	0	14

Me har 14 personar som har rolle som utrykkingsleiar dersom dei er tilstades. Om desse ikkje er tilstades, må nokon andre av dei frammøtte ta rolla som utrykkingsleiar. Likefult legg me opp til å avgrense utdanninga i denne omgang til dei to på kvar stasjon som har eit leiaransvar dersom dei er med ut. Dette utgjør 14 personar. Eit slikt kurs kan ha opptil 20 deltakarar. Overskytande plassar kan me selje til nabokommunar for å fylle opp kurset.

Utdanning del 3 er totalt 238 timar teori og praksis. 110 av desse timane er tenkt som sjølvstudium, 31 timer praksis i eige brannvesen og 48 timar praksisveke, som er skildra under.

Tabell 1.8: Variable kostnader

Variable kostnader	Timesats	Tal timar/km	Sum
<b>Instruktør</b> Innleigd ekstern instruktør	850	48	40 800,00
<b>Timeløn øvingsleiarassistenter</b> 2 hjelpeinstruktørar frå GMBR	348,76	96	33 480,96
<b>Reiseutgifter øvingsleiarassistenter</b> 2 hjelpeinstruktørar frå GMBR	4.03	720	2 901,60
<b>Reiseutgifter instruktør</b> T/r Bergen lufthavn +	Km.godtgj.4.53	180	1 630,80

flybillet Oslo (180 km + 2000 kr for fly) x 2 helger	Flybillet (t/r)		4 000,00
<b>Mat/beværing</b> Kaffe/brus kr 1500, lunsj (x 4) kr 12000.			13 500,00
Gass			3 000,00
Sum variable kostnader			99 313,36

Tabell 1.9: Faste kostnader

Faste kostnader	Timesats	Tal timar/km	Sum
Straum, komm.avg., anna			60 000,00
Arealleige			216 000,00

Variable kostnader			99 313,36
Faste kostnader			276 000,00
Sum del 3			375 313,36

## Samla kostnadsoppstilling:

Utdanning del 1	(2019)	Kr	319 204,00
Utdanning del 2	(2020)	Kr	452 768,00
Utdanning del 3	(2021)	Kr	375 313,36
Sum utdanning ihht krav		Kr	1 147 285,36

## BERIVEST AS

- etablering av eit regionalt øvingsssenter for brann- og redningsmannskap i Gulen og Masfjorden

Prosjektstatus juni 2019 - *utkast*



*Utarbeida av styret i Berivest AS 3. juni 2019*

*Odd Harald Eide, styreleiar  
Torill Torsvik Størkersen, styremedlem  
Anne Magrete Bollmann, styremedlem*

*Fagleg rettleiing av Sigvald Kvinge, Brannsjef i GMBR*

## **Innhold**

1. **Bakgrunn for prosjektet**
2. **Kort status**
3. **Formål**
  - 3.1. Forretningsidé
4. **Marknadsvurdering**
5. **Økonomi**
  - 5.1. Etableringskostnader
  - 5.2. Driftskostnader 3 første år
  - 5.3. Behov for ekstern finansiering
6. **Samarbeidspartnarar**
  - 6.1. Leverandører
  - 6.2. Nettverksbygging
7. **Organisering av etableringa**
8. **Framdrift**
9. **Mål for etableringa**

## 1. Bakgrunn for prosjektet.

I januar 2007 kom det krav om å auke kompetansen og tryggleika til brannpersonell på deltid. Krav om grunnkurs vart innført, og over-gangsordninga med å få kravet iverksatt har vore utsett 3 gongar. Ordninga er no avslutta og statlege øymerka midler til kompetanseheving er forlengst tilbaketilsett. No er det opp til kommunane å rette opp avvika og utdanne konstablar og utrykningsleiarar i tråd med Dimensjoneringsforskrifta, fom. 1. januar 2017.

Gulen og Masfjorden Brann- og Redning, etablert i 2011, har i skrivande stund 44 personar som skal gjennomføre grunnkurs i løpet av 2 år, og 14 personar som bli utrykningsleiarar (3. år), sjå vedlagt plan for gjennomføring av utdanning. I løpet av 3 år ynskjer Berinvest AS å få heva kompetansen til personellet i GMBR og slik at ein kan ivareta den tryggleiken som er påkrevd for sine tilsette. Så vidt ein kjenner til, har også kringliggande kommunar i regionen tilsvarende avvik. Så langt er det diverre ikkje sett av kommunale midler til å dekke desse avvika, ut over dei statlege øymerka midlane på kr 200.000,- som ein fekk i 2014. For dette fekk ein sendt 20 stk på den praktiske kursdelen i Florø.

I arbeidet med å sende personell på kurs, viste det seg at kostnader knytt til 20 personar, kom på kr. 700.000 i 2012/13, dvs. 35.000 pr deltakar. For ei totalramme på 44 personar i mannskapet, vil det utgjere 1,5 mill. For utryknings sertifikat koster det kr. 40.000 pr. pers. Og rekna for 14 deltakarar så blir dette kr. 560.000. Det vil derfor, forsiktig rekna, rekne kostnader på meir enn 2.5 mill. for å lukke desse kompetanseavvika, ved å gjere kjøpa eksternt. Spørsmålet har vore om ein kan nytte dei same midlane til å etablere eit senter lokalt for Gulen og Masfjorden, og utdanne eige personale lokalt. Samstundes ville ein også kunne tilby andre desse kursa. I samtale med andre organisasjonar og bedrifter er etablering av eit slikt øvings senter etterspurd i Bergensregionen.

I plan for gjennomføring av brannkonstablar og utrykningsleiarar ved eit eige senter i Sløvåg, vil utdanninga for å lukke alle avvika koste 1,147.000 inkl. variable og faste kostnader (jmf. kompetanseplanen). Ideen bak prosjektet var å nytte tilsvarende midlar, kr. 1,414 til etablering av eit eige øvings senter, der reisekostnadane vert minimaliserte, og høve til å gjennomføre for deltidstilsette som også er i andre jobbar.

Risikoen med å sette eige personell i fare ved utrykning og slukningsarbeid, må minimaliserast og HMS ivaretakast på best mogleg måte. Ved å ivareta rett kompetanse i høve forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen (dimensjoneringsforskrifta), så gjer kommunane det.

## 2. Kort status

Det er gjort ein god del planlegging og førebuingssarbeid for å etablere dette øvingsssenteret som er lokalisert til Sløvåg Utvikling sitt område i Gulen Industrihamn. Både Gulen og Masfjorden har gjort eit prisippielt vedtak om å etablere selskapet , då som aksjeselskap og det er peika ut eit styret som arbeider fram ein plan for etableringa. Vedtaka vart gjort i kommunestyret i Masfjorden 13. des. 2018 og i kommunestyre i Gulen 14. februar 2019.

I styret sitt Per Odd Harald Eide, frå Gulen kommunestyre, Torill Torsvik Størkersen, frå Masfjorden kommunestyre og Anne Magrete Bollmann, dåverande tilsett i Sivilforsvaret. Bransjef Sigvald Kvinge bistår arbeidet med fagleg rettleiing.

Leigeavtale er inngått med Sløvåg Utvikling, sjå vedlagt oversiktsbilete. Inkludert i leiga er eit brakkebygg som selskapet står fritt til å bygge om til eigna formål. Teikningar for anlegget ligg vedlagt. Utforming av anlegget er gjort i høve arbeidsmiljølova. Bruksløyve av brakkeriggen må endeleg avklarast med Gulen kommune.

Det er utarbeida ein handlingsplan for å lukke avvik pr. juni 2019 i løpet av 2,5 år, og det er innhenta kostnadsoverslag og kvalitetssikra dei. Kostnad for etablering er satt til kr. 1.164.000 + påløpande husleigekostnadar som innan okt. 2019 er kr. 198.000. Totalt kr. 1, 360 mill. Sjø vedlagt kostnadsoverslag. Søknad om utsleppsløyve er klar til avsending, så snart organisasjonen er registrert i Brønnøysundregistrene. Prosjektet må fullfinansierast før vidare utvikling, og kommunane Gulen og Masfjorden må avklare om dei ynskjer å investere i selskapet.

## 3. Formål

Formål med etableringa av eit øvingsssenter for brann- og redningsmannskap er å sikre rett kompetanse til eige mannskap i GMBR til ein kvar tid. Gulen og Masfjorden vil med denne etableringa vere føregangskommunar i dette arbeidet. I det praktiske virke viser det seg at brann- og retnignspersonell ofte er dei første på staden i vårt distrikt når ei hending oppstår. Gulen og Masfjorden er også eit stort geografisk området, som krev dekning av eit stor tal brann- og redningsperosnell. For å ivarta deira sikkerheit, og lovpålagt krav om kompetanse, må eit stort tal av dagens tilsette kursast. Det vil ta 2,5 år for å lukke eigne avvik i kompetanseplanen. Eit sekundært formål ved etableringa er at næringsliv og nærliggande kommunar òg kan nytte seg av senteret, og kjøpe tenester hjå Berinvest AS, ved ledig kapasitet.

## Forretningsidè

Tilby kurspakkar og utdanningar til personell i kommunar og bedrifter som etterspør kompetanseheving innan brann- og redning. Dette for å oppretthalde nødvendig krav om kompetanse av slikt personell i følge sentralgitte forskrifter. Prising av kurs vert gjort på bakgrunn av selvkostkalkyle og eit eventuelt overskudd vert nytta til å vidareutvikle selskapet, samt kunne tildele eigarkommunane utbytte. Dette vil igjen kunne styrke det loakle brann- og redningskorpset, GMBR. Det vil sjølvsagt vere opp til kvar kommune å avgjere bruk av utbytte. Den enkle marknadsvurderinga tilseier at det i 2019 er eit enno lenge umetta behov i både kommunal- og privat sektor for slik kompetanseheving.

Berivest AS skal verte det kvalitetsmessig føretrakte øvingscenteret på Vestlandet, særskilt for Nordhordland og Bergensregionen. Selskapet skal til ei kvar tid kunne stille anlegg og kurspersonell tilgjengeleg for GMBR og tilby godt kvalifiserte utdanningar innan brann- og redning.

## 4. Marknadsvurdering

Det er ikkje utarbeida nokon marknadundersøking for kjøp av tenester innan kurs for brann- og redning. Likevel er det gjort ei kartlegging av bedrifter og ein del kommunar om kjøp av slike og tilsvarende kurs. Mange er svært positive og har inngått intensjonsavtale om kjøp av tenester:

Helse Bergen: År1: 100.000, år 2: 150.000, År 3. 150.000

Slakteriet: År1: 20.000, år 2: 20.000, År 3. 20.000

Wergeland Base: År1: 100.000, år 2: 100.000, År 3. 100.000

Birkeland Entreprenørforretning: År1: 150.000, år 2: 150.000, År 3. 150.000

Norva Vest, avd. Birkeland: År1: 200.000, år 2: 150.000, År 3. 150.000

Alexela Sløvåg: År1: 100.000, år 2: 150.000, År 3. 150.000

Oversikta viser at næringslivet i Sløvåg er interessert i at etableringa av senteret finn stad og at ein i framtida kan få utvikla passande kurs for næringslivet. I samatar med kommunar er tilbagemeldingane at brann- og redningskurs er det eit stort behov for, og at dei har tilsvarende avvik som våre eigne kommunar. Likevel, dei fleste har budsjettmessige utfordringar for å dekke desse avvika. Siviltforsvaret har også medelt potensialet for kjøp av eksterne øvingar.

## 5. Økonomi

### 5.1. Investering

Det er henta inn tilbod for å få anlegget oppgradert til eit godt øvingscenter. Nokre investeringar er gjennomført, men det meste gjenstår.

Type investering	kostnad	Merknad
Fundamenter /inngjerding /porter	kr. 118.000,-	utført
Tømmerarbeider	kr. 374 000,	
Komplett gassanlegg til øvingsanlegget.	kr. 280.000,-	
VVS- sanitær	kr. 200.000,-	
Elektroarbeid	kr. 125.000,-	
Smedarbeid	kr. 25.000,-	
Marlerarbeid	Kr. 30.000,-	
Sum:	Kr. 1.152.000	
Uforutsette utgifter 4% (inventar etc..)	Kr. 46.080,-	
<b>SUM</b>	<b>Kr. 1.198.080,-</b>	
Husleige okt. 18 - sept. 19 <b>Inkl. påløpt husleige okt. 2018 – okt. 2019</b>	kr. 216.000,- <b>Kr. 1.414.080,-</b>	

Investeringane for å få anlegget opp og gå, er rekna til **omlag 1,2 mill. kr.** Dvs. 600.000,- pr. kommune. I tillegg har det påløpt husleige fom. okt. 2018 og fram tom. sept. 2019 på kr. 216.000,-. Då er anlegget gjerda inn og klart for renovering. Totalt før øvingscenteret er klart til bruk vil det koste **kr. 1,416** mill. kroner, med nøkternt vurdering.

### 5.2. Drift

Leigeavtale er inngått med Sløvåg Utvikling AS. Senteret skal vere klart til ferdigstilling av brakker og øvingsareal innan okt. 2019, med kommunal godkjenning. Driftsbudsjettet er nøkternt satt opp etter plan for utdanning for GMBR. Dagleg drift, koordinering av kurs oa. vert organisert av brannsjef/ styreleiar.



	2019	2020	2021
<b>Inntekter:</b>			
<b>Salg av kurs til GMBR</b>	<b>200.000</b>	<b>400.000</b>	<b>240.000</b>
<b>Salg av kurs til andre (jmf.kap. 4 marknadsvurdering)</b>		<b>200.000</b>	<b>360.000</b>
<b>Sum inntekter</b>		<b>600.000</b>	<b>580.000</b>
<b>Kostnader:</b>			
Timelønn/ reiser instruktør og assistentar Timer kurs solgt	71.704	143.768 70.000	82.813 100.000
Beverting Beverting kurs solgt	13.500	27.000 13.500	13.500 20.000
Gass Gass kurs solgt	3.000	3.000 3.000	3.000 5.000
Straum, komm. Avg. o.a.	15.000	60.000	60.000
Husleige okt. – des. for 2019:	54.000	216.000	216.000
Forsikring	5.000	10.000	10.000
Rekneskap	15.000	15.000	20.000
Div. kostn. (tlf. internett etc.)	10.000	15.000	15.000
<b>Sum kostnader – kurs GMBR</b> sum ekstra kostnader selde kurs	<b>187.204</b>	<b>489.768</b> 86.500	<b>420.313</b> 125.000
		<b>576.268</b>	<b>560.313</b>
<b>Overskot:</b>	<b>12.796</b>	<b>23.732</b>	<b>19.687</b>
Personell på kurs GMBR	12 pers	40 pers	14 pers
Kostnader pr. pers.	11.928	15.000	17.143

Dess fleire kurs ein får seld eksternt, dess meir vil selskapet kunne tene Det sistnemnde kurset som vert halde i 2020, kostar i dag 40.000,- pr pers, til samanlikning kr. 17.143 per pers. Kostnader ved dagleg drift i 2020, bør nok vurderast lagt inn lønn til administrasjon, om ein sel fleire eksterne kurs.

### **5.3 Ekstern finansiering.**

For å minske kommunane sitt investeringsløft i selskapet med kr. 1.416, så er vil styret forsøke å hente inn ekstern kapital til etableringa. Fortrinnsvis i form av tilskot, men sjølv sagt bør kommunane vurdere å selje aksjepostar til eksterne samarbeidspartar. Det vil bli søkt om konsesjonsmidlar hjå Hordaland fylkeskommune og andre allierte. Er næringslivet interessert med å gå inn med økonomisk støtte, så vil ein komme tilbake med politisk handsaming i eigne kommunar på det.

### **Organisering av etableringa.**

Inntil selskapet er etablert med ei drift som krev meir enn enkel koordinering av kurs, så blir dirfta styrt av styret. For å sikre rett kompetanse på kurs, vil brannsjefene i GMBR kunne reileie på innhenting av instruktørar og kursassistentar. For 2019 og 2020 vil ei slik organisering vere aktuell. For 2021 vil ein måtte vurdere å leige inn administrativ løna personell, om kursførespurnadane vert krevande. Dette må ein avbalansere etter kvart.

### **Framdrift**

Framdrift for arbeidet er følgande for 2019:


1. Investeringsavklaring i Gulen og Masfjorden kommunar.
2. Søknad om ekstern finansiering
3. Prosjektstart så snart investeringsplanen er godkjent.
4. Søknad og godkjenning av utslespløyve
5. Adm. rutiner på plass til oktober.
6. Oppstart kurs okt.
7. Ferdig med utdanning del 1 innan 2019.

### **Mål for etableringa**

Mål for etableringa er å få eit øvingscenter lokalt som kan ivarta kompetanseheving av eige personell i GMBR, slik at tryggleiken til brann- og redningsmannskapene til ei kvar tid er ivartatt. Berivest AS bør vere på godt driftsnivå innan 2021.

**Vedlegg:**

Skisse brakke:



Arelaleige hjå Sløvåg Utvikling AS:

